

Tertialrapport 1/07

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slikt tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slikt tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2007:

1. Renteutgiftene vert auka med 0,500 mill kr.
2. Avdragsutgiftene vert redusert med 2,500 mill kr.
3. Renteinntektene vert auka med 1,750 mill kr.
4. Rentestønad til investeringar i skulebygg vert auka med 1,400 mill kr.
5. Statstilskot – refusjon for sikringskrav på sjø - vert redusert med 3,850 mill kr.
6. Aksjeutbytte ved auka med 3,540 mill kr.
7. Det vert avsett 5,000 mill kroner til delvis dekning av pensjonsutgifter. Eventuell ubrukt løyving vert overført til seinare år.
8. Det vert inntektsført 5,760 mill kr frå investeringsfondet (overskot 2006).
9. Løn i sentraladministrasjonen – teneste 1201 – vert styrka med 2,000 mill kr .
10. Utgifter til distriktsvalstyre – teneste 1001 – vert tilført 0,250 mill kr.
11. Opplæring vert tilført 3,000 mill kr med slik fordeling:
 - Teneste 2102 Utgifter til lokale, reduserte husleiger 2,060 mill kr
 - Teneste 2211 Gjesteelevar 0,700 mill kr
 - Teneste 2501 Tilpassa opplæring 0,260 mill kr
 - Teneste 2802 Fagprøver 0,500 mill kr
 - Teneste 2803 Tilskot til lærebedrifter 3,600 mill kr
 - Netto resultatoverføring frå 2006 7,150 mill kr
 - Inntektsført avsett fond 2006 7,150 mill kr
12. Tannhelse vert tilført 0,250 mill kr i samband med gratis tannbehandling for rusmisbrukarar.
13. Bibliotektenesta vert tilført 0,100 mill kr til kjøp av utstyr.
14. Det vert gjennomført følgjande tekniske endringar innan tenestebudsjettet:
 - Teneste 5005 Arkivføremål vert auka med 1,820 mill kr
 - Teneste 1201 Fylkesrådmannen vert redusert med 0,220 mill kr
 - Teneste 1202 Administrasjonsbygningar vert redusert med 1,600 mill kr (Auka inntektskrav mot fylkesarkivet).

B. Investeringsbudsjettet

1. Løyvinga i 2007 til nybygg for Eid vg skule vert auka med 9,000 mill kr som vert dekkja med 6,500 mill kr frå investeringsfondet (overskot 2006) og 2,500 mill kr overført frå ombygging/rehabilitering av skulebygg. Tilsvarende endring vert gjort i låneopptaka som vert auka med 2,500 mill kr for Eid vg og redusert med 2,500 mill kr for ombygging/rehabilitering.
2. Løyvinga i 2007 til Trivselshagen AS (Firda vg skule) vert auka med 9,800 mill kr mot tilsvarende reduksjon i løyvinga til føremålet i 2008. Det vert inntektsført 9,800 mill kr frå investeringsfondet (overskot 2006) i 2007. Låneopptaket til føremålet i 2008 vert redusert til 0.
3. Det vert inntektsført 10,000 mill kroner frå investeringsfondet (overskot 2006) til dekning av ansvarleg lån til Fundo Wheels AS.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. ØKONOMISK STATUS

I budsjettprosessen i fjor uttrykte fylkesrådmannen uro i høve utviklinga i fylkesøkonomien. Sjølv om rekneskapan for 2006 viser positive tal står denne uroa ved lag. Grunngevinga ligg i at fylkeskommunen ligg dels dårleg an på ein del viktige økonomiske indikatorar, samstundes som vi ikkje evnar å skape god nok balanse mellom utviklinga i inntekter og utgifter i den fylkeskommunale økonomien. Auka drifts- og investeringsnivå kombinert med bortfall av vedtekne innsparingskrav på sektornivå, disponert fylkesplanfond og høgt budsjettert nivå på dei lokale inntektene, utfordrar fylkeskommunen til å setje i verk tiltak for å få balanse i økonomien og auke den økonomiske handlefridomen. Det vert her vist til nærare utgreiingar i arbeidsdokument 1/07 til finansutvalet 26.03.07.

Rekneskapan for 2006 vart gjort opp med eit overskot på 33,6 mill kr.

Overskotet skriv seg frå meirinntekter på skatt, meirinntekter på mva og mindreutgifter til pensjonspremie som samla utgjer 35,6 mill kr. Dette er postar fylkeskommunen i liten grad har innverknad på. Rekneskapan elles viser eit driftsunderskot på om lag 2 mill kr. Det er dette driftsnivået som bør nyttast når rekneskapan for 2006 skal brukast som erfaringsgrunnlag for gjennomføringa av budsjettet for 2007.

Skatteinntektene vart 22,5 mill kr over opphavleg budsjett. Nivået i 2006 skal i utgangspunktet ikkje ha noko å seie for skatteinngangen i 2007. Det er difor ikkje grunnlag for å justere skatteanslaget med utgangspunkt i fjorårets skatteinngang, men nivået må vurderast i høve til rammene som vert gjeve i statsbudsjettet og som no vil bli vurdert på nytt i Revidert Nasjonalbudsjett.

MVA-refusjon på investeringar vart 5,9 mill kr over budsjettert nivå. Meirinntekta skriv seg frå den ekstraordinært store byggeaktiviteten vi no har. Fylkesrådmannen tilrår at denne meirinntekta vert kanalisert mot investeringar.

Pensjonsutgiftene vart vel 7,0 mill mindre enn budsjettert. Dette skuldast premieavviket som vert ført mellom åra. I praksis betyr dette at vi skyv føre oss pensjonsutgifter som må dekkast seinare. Ved inngangen til 2007 utgjer dette 8,9 mill kr. Fylkesrådmannen tilrår at det vert avsett 5 mill kr av overskotet til delvis å møte desse utgiftene seinare i planperioden.

Finansutvalet slutta seg til følgjande tilråding i a.dok 1/07 om slik disponering av rekneskapsoverskotet for 2006:

Finansiering av ansvarleg lånekapital Fundo Wheels	10,0 mill kr
Nullstilling av budsjettert refusjon 2007– sikringstiltak på sjø	3,9 mill kr
Avsetting til pensjonsfond	5,0 mill kr
Restfinansiering auka kostnadsoverslag Eid	4,0 mill kr
<u>Andre investeringar</u>	<u>10,7 mill kr</u>
<u>Sum</u>	<u>33,6 mill kr</u>

I FT-sak 2/07 vart kostnadsoverslaget for Eid vg auka frå 4,0 til 6,5 mill kr. Fylkesrådmannen tilrår no at tillegget vert innarbeidd i 2007 og vidare at restfinansiering av innskotet til

Trivselshagen IKS på 9,8 mill kr vert framskunda til 2007. Overføringa til kapitalrekneskapen frå overskotet for 2006 vert då slik:

1.	Lånekapital Fundo Wheels	10,0 mill kr
2.	Auka kostnadsoverslag Eid vg	6,5 "
3.	Innskot Trivselshagen IKS	<u>9,8 "</u>
	Sum	<u>26,3 mill kr.</u>

Det vert vidare tilrådd å overføre 5,7 mill kr til driftsbudsjettet til delvis dekning av manglande refusjon for sikringskrava og avsettinga til pensjonsfond. Det vil då stå att 1,6 mill kr av overskotet til seinare disponering.

Det vert tilrådd slik netto auke til sektorane:

Forvaltning	2,250 mill kr
Opplæring	3,000 "
Tannhelse	0,250 "
Kultur	<u>0,100 "</u>
Sum	<u>5.600 mill kr</u>

Auken er i hovudsak dekkja av reduserte kapitalutgifter.

2. ENDRINGAR I DRIFTSBUDSJETTET

2.1 Rammetilskot og fylkesskatt

I høve til vedteke budsjett ligg det no føre to nye moment som vil påvirke rammetilskot og skatt:

- Nye folketal pr 1.1.2007
- Eventuelt nye rammer for kommunesektoren i Revidert Nasjonalbudsjett.

Folketalet er no slik samanlikna med forrige årskifte og prognosane i budsjett 2007:

	Pr 1.1.2006	Prognose 2007	Pr 1.1.2007
Landet	4 640 219	4 667 000	4 681 134
Sogn og Fjordane	106 650	106 400	106 194

Innbyggjartalet i landet aukar såleis meir enn rekna med og nedgangen i Sogn og Fjordane er større. Vi har pr 1.1.2007 2,2698 % av folketalet mot 2,2983 % pr 1.1.2006 dvs ein negativ endring på vel 1 %. Dette gjev spesielt store utslag på fylkesskatt/inntektsutjamning. Denne saka vert lagt fram før Revidert Nasjonalbudsjett er offentleggjort. Det vert difor teke sikte på å leggje fram eit tilleggsnotat til saka før behandling i FU/FT.

2.2 Rente og avdrag.

Renteutgifter. Det er budsjettert med renteutgifter på 27,208 mill kroner. Den flytande renta har auka noko meir enn føresett. For dei aktuelle opptekne lån vil dette utgjere ein meirkostnad på 0,500 mill kr. Fylkesrådmannen tilrår å auke renteutgiftene med 0,500 mill kr.

Avdrag på lån. Det er budsjettert med avdragsutgifter på 43,254 mill kr. Dette er i samsvar med ny avdragsprofil som er lagt inn i budsjettet med å auke avdragstida for nye lån frå 20 til 30 år. Kontraktsfesta avdrag i 2007 er på 40,754 mill kr. Restsummen på 2,500 mill kr var føresett nytta til avdrag på lån som vart oppteke i 1. halvår 2007. Likviditeten har vore så god at det ikkje har vorte naudsynt å ta opp lån enno og vi vil dermed ikkje få avdragsutgifter på låneopptak i 2007. Fylkesrådmannen tilrår difor at avdragsbudsjettet vert redusert med 2,500 mill kroner.

Renteinntekter. Det er budsjettert med ordinære renteinntekter, byggjelånsrenter og provisjon på 15,000 mill kr. På utgiftssida kjem avsetjing av renter til fylkesplanfond på 6,300 mill kr.

Pårekna provisjon gjeld ein avtale med SFE AS om fylkeskommunal garanti for lån. Provisjonen for dette utgjorde i 2006 0,430 mill kr. Vi har no fått melding frå SFE om at dei aktuelle låna er innfridd og fylkeskommunen sitt garantiansvar og tilhøyrande inntekter fell bort.

Rentevilkåra for fylkeskommunen sin konsernkonto aukar i takt med generell renteauke. Vidare har fylkeskommunen hatt noko meir på konsernkontoen enn føresett i budsjettet. Ei ny vurdering viser at renteinntektene sjølv etter bortfall av provisjonen kan bli ca 1,750 mill kroner høgare enn budsjettert.

Rentestønad til skulebygg. Det er budsjettert med 1,500 mill kr i stønad. Fylkeskommunen har no fått godkjent byggjerekneskap for heile kvoten på vel 85 mill kr og vil få utbetalt 2,900 mill kr i kompensasjon for 2007. Meirinntekta i 2007 utgjir 1,400 mill kr.

Endringane ovanfor utgjir til saman ei reduksjon i kapitalutgiftene på 5,150 mill kr.

2.3 Aksjeutbyte

Styret i Fjord 1 Nordvestlandske tilrår å dele ut 6,000 mill kr i utbyte for 2006. Fylkeskommunen har 59 % av aksjekapitalen i selskapet. I budsjettet er det ikkje rekna med utbyte frå dette selskapet og inntekstsposten kan difor no aukast me 3,540 mill kr.

2.4 Kompensasjon for sikringstiltak på sjø

I tida etter 2000 -delvis med bakgrunn i Sleipner-forliset- kom det på kort tid fleire svært kostnadskrevjande forskrifter som skulle betre tryggleiken på hurtigbåtane. Desse forskriftene medførde store ekstrakostnader for fylkeskommunane utan at dette vart kompensert frå sentralt hald. I 2004 engasjerte råka fylkeskommunar (kystfylka) eit konsulentfirma som fekk i oppdrag å dokumentere dei økonomiske konsekvensane av krava i dei nye forskriftene.

Konsulentrapporten synt samla kostnader på 182 mill kr for heile landet. Med bakgrunn i denne rapporten vart KS og Samferdsledepartementet sommaren 2005 samde om at fylkeskommunane skulle få refundert 175 mill kr av dette beløpet. Refusjonen skulle utbetalast over 5 år. Sogn og Fjordane sin del av beløpet var på vel 19,5 mill kr og ut frå dette budsjetterte vi med ei inntekt på 3,850 mill kr pr år i perioden 2006-2010.

Det viser seg no at denne avtalen ikkje er følgt opp med løyving i statsbudsjettet korkje i 2006 eller 2007. Den manglande kompensasjonen i 2006 inngår som ein del av rekneskapsresultatet, og er såleis dekkja inn.

Det har vore arbeidd for å få kompensasjonen opp til løyving i seinare budsjett. Det ligg no føre svar frå Samferdselsministeren til KS i brev av 18. april 2007. Siste avsnitt i svaret vert sitert:

”...spørsmål om kompensasjon ble vurdert i budsjettet for 2007. Selv om eg har forståelse for kravet, fant eg da ikkje å kunne prioritere saken på bekostning av andre prioriterte saker på samferdselsområdet jf. Soria Moria-erklæringen. Jeg ser heller ikkje rom for å gjøre dette de nærmeste årene. I den forbindelse vil eg også vise til den generelle styrkingen av kommuneøkonomien som denne regjeringa har foretatt, og at Samferdseldepartementet på lik linje med fylkeskommunene har måtte håndtere merutgiftene som følge av de nye kravene til sjøsikkerhet, ved interne disponeringar. ”

Fylkesrådmannen må difor registrere at pårekna inntekter i perioden 2007-2010 15,400 mill kr fell vekk. Inntektssvikten på 3,850 mill kr i 2007 vert inndeckja i denne saka.

2.5 Pensjonsutgifter - premieavvik

Etter forskrift skal fylkeskommunen rekneskapsføre pensjonsutgiftene ut frå føresetnader om diskonteringsrente, avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Differansen mellom det som vert betalt (likviditet) og det som vert rekneskapsført (kostnad etter forskrift), også kalla "premieavviket", skal overførast til seinare år og etter vedtak av fylkestinget dekkast året etter. Premieavviket kan vere både positivt og negativt. For 2006 inntektsførde fylkeskommunen eit positivt premieavvik på 8,9 mill kr. På den andre sida vart det dekkast eit tilsvarende premieavvik frå 2005 på 1,8 mill kr - dvs at i 2006 rekneskapsførde vi 7,1 mill kr mindre i pensjonskostnader enn faktisk betalte. Dette er ein av årsakane til det positive rekneskapsresultatet for 2006.

I 2007 inneheld budsjettet ca 60 mill kroner til pensjonskostnader. Summen vil om lag dekke ordinær pensjonspremie, eigenkapitalinnskott til KLP, gruppelivsforsikring mv. Vi har dermed ikkje midlar på budsjett til å dekke ovannemnde premieavvik frå 2006. Prognosane både for kor mykje som skal betalast til selskapa – KLP og SPK og kor mykje som skal rekneskapsførast etter forskrifta er framliks usikre. Lønsoppgjæret og utviklinga i rentenivået vil kunne gje utslag. Det er likevel grunn til å rekne med eit positivt premieavvik også mellom 2007 og 2008, men det vert neppe så stort som i 2006. Det at premieavviket frå 2006 som må utgiftsførast i 2007 truleg vert større enn premieavviket som kan inntektsførast i 2007 gjer at netto utgifter i 2007 vert høgare enn påreknna i budsjettet.

Fylkesrådmannen tilrår difor at 5 mill kr av rekneskapsoverskotet frå 2006 vert avsett til å møte framtidige pensjonskostnader. Eventuelt ubrukt avsetjing i 2007 bør overførast til seinare år.

2.6 Kompensasjon for lønsoppgjær

I budsjettet er det på den einskilde teneste/ansvar lagt til grunn lønsnivået pr 31.12.2006. I tillegg er det sett av 13,960 mill kr til dekning av lønsoppgjær i året. Det ligg no føre eit forhandlingsresultat med verknad frå 1.5.2007 som for arbeidstakarane under kap 4 inneheld eit generelt tillegg på 7 500 kroner (avtala i 2006) og ytterlegare eit generelt tillegg på 1,4 % av grunnløna. Det vert også noko endringar i ma minstelønssatsar.

Det er enno ikkje gjennomført utrekningar som viser konkret kva oppgjæret kostar fylkeskommunen. Det kan vere grunn til å rekne med at avsetjinga er noko lita, men det vert neppe ein vesentleg sprekk. Dei fylkeskommunale leiarane og kap. 5-gruppa får løna fastsett med verknad frå 1.1.2007. Desse tilleggga må dekkast av same lønspott. Fylkesrådmannen kjem attende til samla verknad av lønsoppgjæra i 2007 i tertialrapport 2/07.

2.7 Forvaltning

Distriktsvalstyre.

Ved siste fylkestingsval (2003) var utgifter til distriktsvalstyret på 0,172 mill kr. Ved budsjetthandsaminga for 2007 vart det ikkje ført opp nødvendig løyving til valet i 2007 og det vert no tilrådd å løyve 0,250 mill kr.

Løn sentraladministrasjonen.

Det vil vere nødvendig å styrke lønsbudsjettet til sentraladministrasjonen med 2 mill kr for å dekke opp stillingsressursar til arbeidsoppgåver som har kome til etter 2002. Dette er arbeidsoppgåver som gir oss kapasitetsutfordringar og behov for ny kompetanse.

Sidan 2002 er sentraladministrasjonen nedbemanna med 20 årsverk, og fylkesrådmannen har som føresetnad at det fram til 2009 skal vere mogeleg med ytterlegare nedbemanning med 5 årsverk gjennom naturleg avgang. Det vert elles synt til eiga sak som omtalar bemanninga i sentraladministrasjonen nærare.

2.8 Opplæring

Gratis læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring:

Frå 2007 vert det innført ei ordning med gratis læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring. I nytt lovforslag frå regjeringa får skuleeigar ansvar for å halde elevane med naudsynte trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Ordninga med gratis læremiddel vert innført for Vg2 frå hausten 2007, for vg3 frå hausten 2008 og for vg1 frå hausten 2009. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk tilført 7,772 mill kr for 2007 som kompensasjon for meirutgifter fylkeskommunen får som følgje av omlegginga. Kompensasjonen inkluderer midlar til dekking av administrative utgifter. Ut frå omfanget av dei statlege overføringane knytt til gratis læremiddel har fylkesdirektøren arbeidd ut frå ein føresetnad om etablering av ei utlansordning med minimum 3 års levetid for valde læremiddel. Utlansordninga må knytast opp mot den einskilde vidaregåande skule. Fylkesdirektøren meiner i utgangspunktet ordninga best kan organiserast ved bruk av tekniske løysingar knytt til skulebiblioteka.

Kostnadene ved ordninga vil vere knytt til kjøp av læremiddel, etablere/oppgradere teknisk løysing og kostnader ved administrasjon av ordninga (ressursbruk ved den enkelte skule). Fylkesdirektøren har enno ikkje god nok oversikt over kostnaden ved ordninga. Dersom det viser seg at dei tilførde statlege midlane ikkje dekker kostnaden ved ordninga vil fylkesdirektøren melde dette til politisk nivå. Eventuelle meirkostnader for 2007 må finne si løysing i tertialrapport 2/07.

Landslinene – finansiering.

Sogn Jord- og hagebruksskule og yrkessjåførutdanninga ved Sogndal vidaregåande skule har hatt betydelege driftsunderskot dei siste åra. I 2006 var samla underskot på 0,955 mill kr, fordelt med 0,514 mill kr ved yrkessjåførutdanninga og 0,441 mill kr ved Sogn Jord- og hagebruksskule.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt som føresetnad at landslinetilboda i Aurland og Sogndal skal gjennomførast utan fylkeskommunale tilskot. Fylkeskommunen har likevel i fleire år måtte ta ansvar for mindre driftsunderskot. Skulane opplever at driftssituasjonen stadig vert vanskelegare, då dei statlege tilskota har ikkje vore justert sidan 1994 for yrkessjåførutdanninga og 1996/97 for økologisk landbruk.

Noverande regjering har slege fast at landslinene skal vidareførast på same grunnlag som tidlegare.

Det vert teke sikte på å leggje fram eiga sak om den driftsmessige situasjonen for landslinene for HO i juni.

Styrking av informasjons-, rettleiings- og rådgjevingstenesta.

Prosjekt rådgjeving på nett (styrking av informasjons-, rettleiings- og rådgjevingstenesta) vart sett i gang hausten 2006 og skal avsluttast våren 2007. Prosjektet skal endeleg evaluerast i juni 07. Fylkesdirektøren avventar evaluering av prosjektet, men meiner ei generell styrking av rådgjevingstenesta vil vere viktig for å betre kvaliteten på tenesta. Kostnaden ved prosjektet i 2006 vart finansiert over utviklingsmidlar avsett for opplæringssektoren (eingongsløyving i 2006). For våren 2007 er prosjektet finansiert ved omdisponering av midlar til organisasjons- og personalutvikling.

Det vert teke sikte på å leggje fram eiga sak til HO når evalueringa ligg føre.

Gjestelevar:

Det er budsjettert med kjøp av gjesteelevplassar for 7,000 mill kr og sal av plassar for 1,450 mill kr, netto 5,550 mill kr. Dette er ei vidareføring av budsjettet for 2006. Dette året vart nettoutgiftene 6,767 mill kr.

For våren 2007 ser nettokostnaden ut til å bli 3,500 mill kr og i høve til halvparten av budsjettet vil det bli ein sprekk på 0,700 mill kr. Resultatet for hausthalvåret er usikkert og er ma avhengig av inntaket av nye elevar i haust.

Tilskot lærebedrifter:

Bokført driftsunderskot i 2006 vart på 4.400 mill kr. Av dette var om lag 2 mill kr utbetalingar for å kome i "rute". Tidlegare har fleire rekningar for 2. halvår blitt ført på neste rekneskapsår. Reelt driftsunderskot for 2006 vart såleis 2.400 mill kr. Meirbruken skuldast aktivitetsauke med stor nytteikning av lærekontraktar mot slutten av året. Desse blir vidareført til 2007/08.

Det er framleis gode tider i næringslivet. Dette tilseier framhaldande auke i nytteikning av lærekontraktar. Tal lærlingar frå andre fylke aukar også monaleg mot slutten av 2006 og gjer at vi kan pårekne auka inntekter.

Prognose – kostnadsutvikling 2007.

Lærlingar i eige fylke	1. halvår – 07	16.0 mill kr
- " -	2. halvår – 07	17.0 "
Gjestelærlingar (kjøp av læreplass i andre fylke)		<u>8.0 "</u>
Sum		41.0 mill kr
Refusjonar (frå andre fylke)		<u>3.3 "</u>
Netto tilskot		37.7 mill kr
Budsjett		<u>34.1 "</u>
Meirutgifter i 2007		<u>3.6 mill kr</u>

Fagprøver

Fagprøvekostnadane aukar både med bakgrunn i tal prøveandidatar – som følgje av auke i tal lærekontraktar) og løns – kostnadsutviklinga.

I 2006 synte teneste 2802 Fagprøver ei overskriding i høve budsjettet på 0,464 mill kr.

Det er grunn til å tru at tal prøvekandidatar vil auke. Næringslivet går godt og behovet for fagutdanna arbeidskraft veks. Dette er kostnader som ikkje kan avgrensast slik at meirutgiftene i 2007 vert kring 0,500 mill kr.

Tilrettelagt opplæring (sosialmedisinske institusjonar)

Frå 2007 vart ansvaret for opplæring etter opplæringslova for busette i barnevernsinstitusjonar og pasientar i private helseinstitusjonar overført frå bustadfylket til fylkeskommunen der institusjonen ligg. Som følgje av dette vart rammetilskotet til fylkeskommunen auka med 1,717 mill kr. Løyvinga til tilpassa opplæring vart auka tilsvarende og fordelt med 0,934 mill kr varen 2007 og 0,783 mill kr for hausten 2007.

Fylkeskommunen har ansvar for både grunnskule og vidaregåande opplæring for elevar i sosiale og medisinske institusjonar. I Sogn og Fjordane er dette i hovudsak knytt til opplæringstilbod for barn og unge som bur i barne- og ungdomsheimar. Klokkargården avd. Måløy vart frå 01.01.07 godkjent som privat grunnskule.

For varen 2007 medfører omlegginga at utgiftene til vidaregåande opplæring for 5 elevar ikkje vert refundert frå bustadfylket. Inntektsbortfallet er rekna til 0,600 mill kr Vidare er det rekna med å måtte yte grunnskuleopplæring for 0,600 mill kr. I høve til budsjettet for varen vert det meirutgifter på 0,260 mill kr.

Førebels kjenner ein ikkje til omfanget av slik opplæring for hausten 2007.

Departementet arbeidar med ei omrekning av rammetilskotet på området. Utkastet viste ei relativ stor omfordeling mellom fylka (negativ for Sogn og Fjordane). Resultatet vil truleg kome i Revidert nasjonalbudsjett og vil i så fall bli omtala i tilleggsnotat til FU/FT.

Utgifter til lokaler.

Denne tenesta er budsjettert 53,4 mill kr i 2007. Løn til reinhald og vaktmeister (ekskl. vaktmeistereama) utgjer 25,6 mill kr. Resten skal dekke leige av lokale, avgifter og andre forbruksvarer. Ein gjennomgang av leigeutgifter viser at det er rom for å redusere budsjettet med vel 2 mill kroner for 2007. Den vesentlege grunnen til dette er innsparingar når Stryn vg skule tek i bruk nybygget i haust. I økonomiplanen er ikkje denne innsparinga teke omsyn til før i 2008.

Tilråding frå fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen tilrå slike endringar i opplæringsbudsjettet i denne saka:

Gjesteelevar	0,700 mill kr
Tilskot til lærebedrifter	3,600 mill kr
Fagprøver	0,500 mill kr
Tilpassa opplæring	0,260 mill kr
Utgifter til lokale, reduserte husleiger	- 2,060 mill kr

Dei andre punkta kjem ein attende til seinare.

Resultatoverføring – skulane.

I samsvar med pkt. 5.3. i budsjettreglementet vert driftsresultatet for dei vidaregåande skulane avsett til fond ved rekneskapsavsluttinga og tilført skulane som korreksjon i tildelt budsjett neste år. Tilsvarende beløp vert inntektsført frå fondet slik at nettoverknaden for budsjettet for 2007 vert 0.

Skule	2005	2006		Akkumulert 31.12.2006	
	Resultat	Budsjett	Rekneskap Resultat		
Årdal	617	24546	24932	-386	231
Luster	-1607	17332	16657	675	-932
Sogndal	-198	58756	57938	818	620
Høyanger	-632	22626	22542	84	-548
Mo/Jølster	2301	28323	26478	1845	4146
Øyrane	-668	53312	54277	-965	-1633
Hafstad	1710	29131	29274	-143	1567
Dale	731	22346	22116	230	961
Flora	799	46251	46694	-443	356
Firda	-293	36717	35414	1303	1010
Stryn	1070	39051	38263	788	1858
Eid	-173	35738	35786	-48	-221
Måløy	-1867	33225	31748	1477	-390
Fagskulen	863	8150	8969	-819	44
SUM	3841	354870	351561	3309	7150

Det akkumulerte driftsoverskotet har auka med 3,3 mill kr i 2006. Skilnadene mellom skulane er betydelege, og varierer frå overskot på 4,147 mill kr til underskot på 1,633 mill kr. Nokre av skulane ser ut til å ha varige driftsutfordringar medan andre har solide og vedvarande driftsoverskot. I mellom desse finn vi skular som har variasjon i driftsresultat år for år. I årsmeldingane for 2005 og 2006 er det peika på einsskilde faktorar som kan medverke til positive og negative resultatavvik. Ulikskapane mellom skulane må også sjåast i samanheng med ordninga med resultatoverføring, som gir skulane større handlingsrom og m.a. gir høve til å styre mot planlagde over-/underskot det einsskilde år. Arbeidet med å finne ut kva ulikskapane mellom skulane skuldast må vidareførast.

Fylkesdirektøren legg vekt på tett oppfølging av den økonomiske utviklinga ved skular med store overskot/underskot. Dette gjeld både kartlegging av årsaker til avvik, vurdering av tiltak for å snu uønska utvikling og krav om rapportering frå den einsskilde skule om planar for bruk av overskot/inndekking av underskot. Oppfølging av driftsresultata ved dei vidaregåande skulane er eit tema også i samband med fylkesdirektøren sine skulebesøk.

2.9 Tannhelse

Frå 2006 vart det innført eit nytt tilbod om vederlagsfri tannhelseteneste for spesielle grupper av ruspasientar. For å dekke utgiftene knytt til tilbodet vart fylkeskommunane tilført 37,5 mill

kr i 2006. Denne summen er vidareført i ramma. Sogn og Fjordane sin del var utrekna til 1,345 mill kr . Tannhelsa vart tilført 0,750 mill kr i 2007.

Tilbodet vart starta opp i Sogn og Fjordane 1.7.2006, så vi har enno ikkje talmateriale for eit heilt år. For 1. tertial ligg forbruket på 0,300 mill kr og det er venta at utgiftene stig slik at årsforbruket kan bli 1,000 mill kr.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert gjeve ein tilleggsøyving på 0,250 mill kr til tannhelsa.

2.10 Regional utvikling

Vi rapporterer her den økonomiske stoda for budsjettåret 2007, pr 1.mai. Plan og næring kjem til å halde seg innan tildelt ramme, og vi gjev her ei kort orientering om bruken av midlar så langt i år.

Plan og næring disponerer i 2007 eit budsjett på vel 120 mill kr. Av dette er 70,4 mill kr regionale utviklingsmidlar frå KRD, medan dei resterande 50 mill kr er egne midlar (driftsmidlar og avkastning frå fylkesplanfondet).

Vi nemner her nokre av dei tyngste innsatsområda:

Bedriftsretta satsing gjennom Innovasjon Norge 41,000 mill kr
Det er utarbeidd ei oppdatert bestilling til IN, som legg føringar for IN sin innsats. I 2006 hadde IN nesten nytta sine midlar alt i september. Bruken av midlar hittil i år følgjer eit normalår. Dette påvirkar uansett ikkje fylkeskommunen sin økonomi for 2007.

Omstillingsarbeid i fylket 7,100 mill kr
I budsjettet for 2007 vart det avsett 6 mill kr til omstillingsarbeid. Omstillings-innsatsen vart styrka med 1,1 mill kr i samband med tildeling av midlar til kommunane, finansiert med disponible midlar.

Kommunale næringsfond 8,300 mill kr
Det er utarbeidd nye retningslinjer, og 17 kommunar er tildelt til saman 8,3 mill kr for 2007.

Regionvise utviklingsprogram 2,200 mill kr
Regionråda er kvar tildelt kr 550 000, og det vert no inngått samarbeidsavtaler med kvart av regionråda for bruken av dei aktuelle midlane.

Destinasjonsselskapa innan reiselivet 3,450 mill kr
Ein er i ferd med å inngå fleirårige avtaler med destinasjonsselskapa.

Næringshagane 1,300 mill kr
Det vert no drøfta fram framlegg til nye avtaler med næringshagane.

Av andre store satsingar kan nemnast cruise-kai i Skjolden, fortau langs RV 611 Naustdal-Sæle, Florø idrettsenter, utviklingstilskot til Lutelandet og støtta til Fjord Norge si internasjonale marknadsføring.

Dei fem programstyra som skal følgje opp fylkesplanen er samla tildelt 12 mill kr, som fordeler seg slik:

- opplevingsnæringar	2,000 mill kr
- fiskeri og havbruk	2,500 mill kr
- entreprenørskap og nyskaping	2,100 mill kr
- folkehelse og livsutfalding	2,000 mill kr
- fornying av offentleg sektor og IKT (medrekna 1 mill kr i breibandsatsing)	3,400 mill kr

Dei fem programstyra har no ansvar for å setje programplanane for 2007 ut i livet, basert på dei føringar og økonomiske rammer som ligg føre.

Hovudutval for plan og næring disponerer i tillegg dei avsette fondsmidlane for utvikling av kystkommunane, som opprinneleg var på 15 mill kr. Det maritime kompetansesenteret i Vågsøy vart tildelt 3,640 mill kr frå dette fondet (i tillegg til 0,360 mill kr frå andre disponible midlar).

Fylkeskommunen har elles engasjert seg i arbeidet med tiltakspakken for vidare utvikling av Fundo Wheels as. Fylkeskommunen sin del av denne pakken femnar om å stille 10 mill kr av dei statlege omstillingsmidlane til rådvelde for Høyanger kommune. Vidare har fylkeskommunen gjeve Fundo Wheels as eit ansvarleg lån på 10 mill kr.

2.11 Kultur

Fylkestinget har gitt ei ramme på 60,279 til kulturføremål for 2007. Hovudutval for kultur har i sak 01/07 vedteke slik fordeling på tenester:

Teneste 5001 Tilskot til lag og organisasjonar	6,840 mill kr
Teneste 5002 Utviklingstiltak	13,000 "
Teneste 5004 Bibliotekføremål	4,830 "
Teneste 5005 Arkivføremål	4,240 "
Teneste 5007 Museum	21,002 "
Teneste 5008 Knutepunktinstitusjonar	5,400 "
Teneste 5009 Kulturformidling	4,967 "

Gjennomføringa av budsjettet skjer gjennom

- ansvarsbrev til Fylkesbiblioteket og Fylkesarkivet (teneste 5004 og 5007)
- vedtak i hovudutval for kultur (teneste 5001, 5002, 5007 og 5008)
- administrative vedtak (teneste 5001 og 5002)

Rammene for dei fylkeskommunale institusjonane Fylkesarkiv og Fylkesbibliotek er som tidlegare svært stramme. Særleg har biblioteket trange rammer til utstyrskjøp i 2007. Fylkesrådmannen tilrår at det vert gjeve ei tilleggsløyving på 0,100 mill kr til teneste 5004.

Dei to tenestene 5001 og 5002 inneheld dei økonomiske verkemidla hovudutvalet har for å stimulere og støtte opp om frivillige organisasjonar, kulturtiltak og utviklingstiltak. Aktiviteten ute er svært stor, og det er store forventningar til at fylkeskommunen skal stille opp økonomisk og med faglege ressursar. Økonomisk er presset størst mot teneste 5001, medan presset i høve

faglege ressursar nok er størst i høve dei sakene som sorterer til teneste 5002 (utviklingsarbeid). Endringar i tilskotsreglane tilseier større fokus på barn og unge, og på aktivitet framfor drift. Endringane vil på sikt ha som konsekvens at fokus, og dermed tilskot endrar seg. Nokre vil misse svært tiltrengte tilskotsmidlar, eller ikkje få så mykje som før.

Under teneste 5009 ligg folkemusikarane, distriktsmusikartilskot, fylkessenteret for musikkterapi og Den kulturelle skulesekken. Når det gjeld arbeidet med DKS har fylkeskommunen fått melding om at vi skal overta turnelegginga knytt til skulekonsertane f.o.m. hausten 2007. Dette er ei oppgåve som har ligge til staten tidlegare, og utført frå Fylkesmannen sin utdanningsavdeling. Fylkeskommunen er, ut frå tal turnear/konsertdagar, stilt i utsikt ein kompensasjon på kr 70 000 årleg for denne oppgåva. Ut frå dei meldingane vi får frå Fylkesmannen, er det naturleg å anslå oppgåva til om lag 40% av ei stilling på årsbasis. Skal dette leggjast til grunn, noko som ikkje er unaturleg ut frå oppgåva sin art og omfanget av den, er kompensasjonen på kr 70 000 langt frå dekkjande. Tenesta bør på årsbasis styrkjast med minimum 0,2 mill kr, også med tanke på at vi f.o.m. hausten 2007 skal utvide DKS til å gjelde vidaregåande skule.

Sogn og Fjordane er eit av 7 pilotfylke for innføring av DKS i vidaregåande skule. For skuleåret 2007-2008 vil oppgåva i hovudsak kunne løysast gjennom omdisponering av arbeidskraft. Skal fylkeskommunen gå vidare med denne satsinga, krevst det nye ressursar tilsvarende heil stilling. Dette vil vi komme attende til i samband med budsjett 2008.

2.12 Samferdsle – lokale ruter

Det er sett av 3 mill kr til fleksibel skuleskyss/fylkesvegar, jamfør eiga sak om fleksibel skuleskyss. Det er elles ikkje friske midlar igjen på samferdslebudsjetten for 2007. Arbeidet med avtale om båtutrutene frå 1. mai 2009 har byrja.

Rutebilselskapa og sjåførorganisasjonane vart 2. februar samde om ein bussbransjeavtale for heile landet. Avtala inneber ein stor lønsauke for sjåførane. For fylkeskommunen vil det bety at kostnadene med bussavtala vert høgare enn tidlegare føresett frå 2008. Bussbransjeavtala får ingen innverknad for fylkeskommunen for 2007.

Status budsjett 2007

Ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vart endra frå 1.1.07. Endringa vil gje innsparingar i høve avtalane med ruteselskapa, men det er framleis ikkje klart kor stor denne innsparinga vert.

Bruken av ungdomskortet er mindre enn i fjor og såleis mindre enn budsjettert. Då erfaringsgrunnlaget berre er dei tre første månadane i år, rår fylkesrådmannen til at ein førebels ikkje endrar på ungdomskortbudsjettet. Ei eventuell innføring av fleksibel skuleskyss vil også påverke bruken og dermed kostnaden med ungdomskortet.

Det er ikkje midlar att på budsjettposten ufordelt/uføresette utgifter.

Omfanget av skuleskyssen frå hausten inneber som vanleg ein del usikkerheit på denne tida. Stryn kommune har gjort vedtak om å redusere den kommunale skuleskyssen, men vi veit enno ikkje kor mykje dette slår ut for fylkeskommunen. I tillegg kjem ei eventuell innføring av fleksibel skuleskyss som vil påverke den vidaregåande skuleskyssen monaleg.

Arbeidet med utlysinga av båtutene, jamfør vedtak i FU-sak 120/06 punkt 3, er i gang. Førebels vert kostnadene med arbeidet dekkja av planleggingsramma for samferdsle (kr 300.000). Denne ramma skal også dekke kostnader ved oppstarten av elektronisk billettering til hausten. Den budsjetterte ramma kan verte for knapp, men fylkesrådmannen kjem attende til saka i tertialrapport 2/07.

Fjord1 Fylkesbaatane har redusert rutetilbodet på ferjesambandet Lærdal – Kaupanger – Frønningen – Gudvangen i skuldervesongen. Det betyr at bebruarane på Frønningen ikkje har moglegheit til å reise frå Frønningen og kome heim same dag i mai og september, til dømes ved reiser til kommunesenteret i Lærdal. Det er oppretta eit tilbod for mai som vert dekkja innanfor ramma til samferdsle. Når det gjeld september er det førebels ikkje funne auka løyving.

2.13 Samferdsle – fylkesveggar

Regionvegsjefen har gjeve følgjande rapport om vedlikehaldsløyvinga:

”Løyvingane til vedlikehald har gått gradvis ned dei siste 20 åra. Det totale etterslepet i vegvedlikehaldet i Sogn og Fjordane er rekna til 710 mill. kr. Sjølv om løyvingane har auka, er budsjettet framleis stramt. Det er ikkje rom for alt som det er behov for, og etterslepet i vedlikehaldet held fram med å auke. Dette går særleg ut over;

- vedlikehald av tunnelar, deriblant reinsk
- bru- og kaivedlikehald
- forsterking, bæreevna på vegen
- dekkelegging
- grøfting, reoperasjon av murar, utskifting av stikkrenner
- støypekantar/rekkverk på vegar og bruer

Når vi ikkje får ta det naudsynte vedlikehaldet, blir resultatet til slutt at ting bryt saman, og vi får større kostnader med tyngre reparasjonar eller nybygging, og auka behov for investeringsmidlar. Manglande vedlikehald kan i verste fall medføre vegstengingar.

Mange vegar har svak undergrunn og vegoverbygging i høve til den trafikken vi har i dag. Dette gjer at vi får setningar og ujamn vegbane. I tillegg vil manglande midlar til reoperasjonar av murar som er byrja å bli svake, medføre at dei kan bryte saman, eller at vi må sperre av området ved murane av omsyn til tryggleik. Fleire bruer har dårleg bæreevne, svakt rekkverk eller låge støypekantar, og liten plass til godkjent rekkverk. I dag er det lite midlar til å bygge ny bru eller utbetring av rekkverket. ”

2.14 Tekniske endringar i driftsbudsjettet

Fylkesrådmannen tilrår følgjande tekniske endringar i driftsbudsjettet vedkomande fylkesarkivet. Desse påvirkar ikkje balansen, men vil gje rettare registrering av utgiftene i budsjett/rekneskap.

Ein saksbehandlar (50 % stilling) er overført frå fylkesrådmannen sin stab til fylkesarkivet og det vert lagt opp til å justere budsjetta for tilsvarande lønsutgifter.

Etter at arkivet tok i bruk nytt arkiv ved fylkeshuset disponerar arkivet ca 1700 m². Stipulert husleige som tidlegare har vore 0,300 mill kr bør no aukast til 1,900 mill kr. Det vert tilsvarande auke i leigeinntektene for fylkeshuset.

3. KAPITALBUDSJETTET

3.1 Investeringssak til FT

I budsjettprosessen for 2007 vart det lagt opp til å fremje ei samla investeringssak for fylkestinget (jf vedtak av finansutvalet i møte 27.09.06). Det var då føresett at planen skulle leggst fram til politisk handsaming våren 2007.

Det er no handsama eigne saker til fylkestinget i mars vedkomande skulebygga på Eid og i Sogndal. Behovet for ein samla gjennomgang er gjennom dette redusert. Det er også kapasitetsproblem i administrasjonen med sjukemeldingar frå nøkkelpersonell i bygge- og eigedomstenesta. Med bakgrunn i dette har finansutvalet 25.03.2007 vedteke utsetje investeringssaka til fylkestinget i desember.

Vedtaka i mars m/endra kostnadsoverslag fører ikkje til endringar i kapitalkostnadane for 2007.

Fylkesrådmannen følgjer her opp finansutvalet si tilråding om å bruke mest mogeleg av rekneskapsresultatet for 2006 på byggeprosjekta på opplæringssektoren for å redusere kapitalkostnadane framover. Det er lagt opp til å dekke auka kostnad på nybygget for Eid vg og ei endring i finansieringa av eksisterande ramme for Firda vg (Trivselshagen) Det vert då lagt til grunn at framdrifta for bygget til Sogndal vg vert slik at den auka kostnaden her først treng finansierast i 2009. Dette må avklarast i investeringssaka/budsjettsaka i desember. Då må også vidare framdrift for neste byggjesteg i Sogndal (Fosshaugane Campus) drøftast.

Fylkesrådmannen si tilråding vert då slik:

Eid vidaregåande skule – i FT-sak 2/07 er kostnadsoverslaget auka med 11,5 mill kr. 5 mill kr er føresett dekkja av alt løyvde midlar til rehabilitering av skulebygg fordelt med 2,5 mill kr i 2007 og 2,5 mill kr i 2008. 6,5 mill kr vert dekkja av overskotet frå 2006.

Firda vidaregåande skule (Trivselshagen)

Fylkeskommunen sin økonomiske medverknad i prosjektet er til stille til rådvelde eit innskot i oppretta Trivselshagen IKS på 40 mill kroner, jf. FT-sak 42/06. Av denne summen er 30,2 mill kroner dekkja av løyvingar til og med 2007 og overført til IKS'et. Resterande 9,8 mill kr er ført opp på budsjettet for 2008 og finansiert ved låneopptak. Det vil no vere mogeleg, dersom ein vel å bruke av overskotet for 2006, å utgiftsføre resten av innskotet i 2007. Dette vil ma gje noko lægre vekst i kapitalutgiftene frå 2008/09. Fylkesrådmannen tilrår at 9,8 mill kr vert dekkja av investeringsfondet (overskot frå 2006).

3.2 Fundo Wheels – ansvarleg lån

Det er utarbeidd ein tiltakspakke for utvikling av Fundo Wheels as. Denne vart handsama i FU-sak 21/07. Som ein del av tiltakspakken gjekk fylkeskommunen inn med ein ansvarleg lånekapital på 10 mill kr.

I FU-sak 21/07 er finansieringa av lånekapitalen handtert slik:

”Den ansvarlege lånekapitalen vert å finansiere med restmidlar frå fylkesplanfondet. Dette er midlar som er avsett til fastlandssambandet til Ytre Gulen. Fastlandssambandet vert finansiert oppatt med rekneskapsoverskotet for 2006, når rekneskapsplanen er endeleg avslutta.”

Bakgrunn for denne formuleringa var at ein ikkje hadde høve til å disponere eit rekneskapsoverskot før rekneskapsen var endeleg avslutta. Når rekneskapsen no er klar, kan deler av rekneskapsoverskotet nyttast direkte til finansiering av den ansvarlege lånekapitalen. Fylkesrådmannen tilrår no at kapitalbudsjettet vert auka med 10 mill kr og at tilsvarande beløp vert inntektsført frå overskotet for 2006.

3.2 Fylkesveganlegg

Tal i 1000 kr

Investeringar							
Prosjekt	Løyving 2007	Overført	Til disposisjon 2007	Budsjett hittil i år	Forbruk hittil i år	Prognose 2007	Differanse til disp. - prognose
Store fylkesvegprosjekt	46 000	10 779	56 779	5 921	7 117	54 001	2 778
Fv 484 Kronborg – Vie		732	732	0	0	0	732
Fv 7 Sollibotn – Dingja		4 940	4 940	0	1 021	4 940	0
Fv 92 Bjordal – Matre		343	343	108	45	343	0
Fv 698 Hopland - Hennebygda		828	828	332	73	582	246
Fv 603 Deknepollen - Trollebø		-560	-560	-560	15	140	-700
Fv 4 Fastlandssamband Ytre Gulen	40 000	2 473	42 473	5 629	5 648	42 473	0
Fv 31 Daløy – Haldorsneset		1 016	1 016	172	71	516	500
Fv 365 Værlandet ferjekai		138	138	84	53	138	0
Fv 724 Oldedalen	6 000	869	6 869	156	191	4 869	2 000
Til fordeling:	6 700	4 192	10 892	890	923	8 892	2 000
Til fordeling: Ufordelt	1 700	300	2 000				2 000
Rekkverk	2 000	1 500	3 500	887	888	3 500	0
Trafikktrygging	500	242	742	0	0	742	0
Fv 365 Værlandet ferjekai		1 950	1 950	0	32	1 950	0
Fv 91 Bruland - Strandos	1 000		1 000	3	3	1 000	0
Fv 725 Utvik - Moldreim		200	200	0	0	200	0
Fv 481 Omlegging i Angedalen	1 500		1 500	0	0	1 500	0
	52 700	14 971	67 671	6 811	8 040	62 893	4 778

Vegsjefen sine kommentarar/ avviksforklaringar til det einskilde prosjekt:

- Kronborg – Vie: Prosjektet er ferdig, og ledige midlar vert flytt til "til fordelingsposten" i neste fordelingssak til HS.
- Sollibotn - Dingja: Vegen vart opna 11. mai. Prognose som tildeling.
- Hopland Hennebygda: Prognose: Venta mindreforbruk på 250 000 kr i 2007 er innsparing. Anlegget vart opna 16.9.2005 og ferdig synfare 7.11.2005. Sluttoppgjer til grunnkjøp, ferdigvegteikningar og noko tilleggsarbeid står att.
- Deknepollen – Trollebø: Prognose: 700 000 kr i meirforbruk. Vegen vart overlevert i veke 44 i 2005. Sluttregning på støysikring av hus og restutbetaling grunnerstatningar står att. Slutføring i år.
- Fastlandssamband Ytre Gulen (Brandangersundet): Prognose som tildeling hittil. Når det gjeld prognosen på prosjektet totalt utgjer brua ein del uvisse. Kontrakt på brudelen

vil bli lyst ut i juni, med føresett tilbodsinnlevering i august/september. Vi vil då ha sikre tal på prosjektet. Ferdigstilling i desember 2008.

- Daløy – Haldorsneset: Kaien vart sett under trafikk 7/2-06. Oppmåling, restutbetaling grunnerstatningar og endring på fenderverk står att. Vi prøver å få avslutte prosjektet i løpet av 1. halvår-07. Innsparing på 0,5 mill.kr i høve til tildelte midlar.
- Oldedalen: Reguleringsplan vart lagt ut til offentleg ettersyn 1. april. Vi reknar med å kunne starte opp anlegget i 4. kvartal. Sein oppstart vil medføre mindreforbruk på om lag 2 mill.kr. i 2007.
- Bjordal – Matre: Prognose som tildeling. Prosjektet vert avslutta i år.
- Værlandet ferjekai – oppgradering av ferjelem: Kontrakt er inngått. Arbeidet skal vera ferdig i juni.
- Omlegging Angedalen: Planarbeidet skal vere ferdig ved utgangen av mai. Arbeidet vil bli lyst ut etter at planane er klare. Vi reknar med byggjstart i september/oktober.
- Utvik – Moldreim: Etter ynskje frå kommunen blir siste del av tilskotet betalt i 2007. Kommunen har då sett av midlar i eige budsjett til å avslutte arbeidet.

Når det gjeld løyvingar til rekkverk og trafikktrygging reknar vi med at midlane vert brukt som føresett i år. I tillegg reknar vi med at Værlandet ferjekai, oppstillingsplassen, vert slutført i år.

Ufordelte midlar og ledige midlar frå avslutta prosjekt vert omdisponert av HS.